

Bremanger kommune
informerer om
eigedomsskatten



BREMANGER KOMMUNE
RÅDMANNEN

Melding om

EIGEDOMSSKATTETAKST

og berekning av

EIGEDOMSSKATT

For året 2016 skriv Bremanger kommune ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen. Informasjonsbrosjyren blir sendt til eigarane av eigedomar som er takserte. I tillegg til informasjonsbrosjyren inneheld brevet eit skjema som syner korleis vi har fastsett taksten for din eigedom. Dette skjemaet er også skattesetelen for 2016.

OFFENTLEG ETTERSYN

Takstane på eigedomane vert lagde ut til offentlig ettersyn i tre veker frå 31. mars 2016. Skattelistene er tilgjengelege på Servicekontoret.

KLAGEFRIST

Klagefrist er 6 veker frå det tidspunkt skattelistene vert lagde ut til offentlig ettersyn. Fristen for å klage er sett til 13. mai 2016. Sjå avsnitt «Klage på taksten».

TAKST

Taksten på eigedomen gjeld til neste alminnelege taksering. Vanlegvis skjer dette etter 10 år. Det er sakkunnig takstnemnd i kommunen som fastset takstane. Klage på takst handsamast fyrst i sakkunnig takstnemnd. Om klagar ikkje får medhald, går klagen vidare til sakkunnig ankenemnd.

SKATT

Fastsetting av eigedomsskatt skjer på grunnlag av eigedomsskattetaksten. Kommunestyret vedtek årleg botnfrådrag og skattepromille.

Kommunestyret i Bremanger har for 2016 vedteke 2 promille i eigedomsskattesats og eit botnfrådrag på kroner 250 000,- per bueining.

Bremanger, mars 2016

Tom Joensen

Rådmann

Foto: Bremanger turistinformasjon

INFORMASJON NR. 2

Ta godt vare på brosjyren!



Foto: Bremanger turistinformasjon

Retningslinjer for

FASTSETJING AV TAKST

GRUNNLAG FOR TAKSTEN

Taksten er basert på tilgjengelege fakta om eigedomen din i tillegg til synfaring. Ulike bygningstypar og areal er gjeve ulik verdi. Det er gjort ei skjønsmessig vurdering av tilstanden på bygningane.

For næringseigedomar, og verk og bruk, gjeld særskilde takseringsreglar.

Eigedomsskattelova § 8A-2 lyder:

«Verdet av eigedomen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eigedomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal.»

Sakkunnig takstnemnd i kommunen har utarbeidd takseringsreglar for arbeidet: «Rammer og retningslinjer for taksering i medhald av lov om eigedomsskatt for Bremanger kommune» datert 30.03.2016.

Dokumentet er tilgjengeleg på Servicekontoret og på kommunen si heimeside:

www.bremanger.kommune.no under fana «Samfunn og Næring» under Skatt for privatpersonar/eigedomsskatt (<https://bremanger.kommune.no/tenester/samfunn-og-naring/skatt-for-privatpersonar/eigedomsskatt/>).

EIEGDOMAR MED FLEIRE EIGARAR

Detaljert melding om takst og skatt sendast saman med denne brosjyren til ein eigarrepresentant. Det same gjeld skattesetelen. På eigedomar med fleire eigarar, er det viktig at eigarrepresentanten orienterer dei andre om eigedomsskattetaksten og skatteberekninga. Meld frå til kommunens eigedomsskattekontor om de ynskjer ein annan eigarrepresentant og rekningsmottakar.

EIGARAR MED FLEIRE EIGEDOMAR


Eigarar med fleire eigedomar kan få fleire krav. Det vert sendt ut eitt krav pr. eigedom.



Foto: Bremanger turistinformasjon



Foto: Bremanger turistinformasjon



Slik les du det vedlagde SKJEMAET

Skjemaet har satsar og kvadratmeterprisar etter «Rammer og retningslinjer for taksering i medhald av lov om eigedomsskatt for Bremanger kommune», som ligg på kommunen si nettside under fana «Samfunn og Næring», «Skatt for privatpersonar/eigedomsskatt».

A EIGARREPRESENTANT

På eigedomar med fleire eigarar er det viktig at eigarrepresentanten orienterer dei andre om eigedomsskattetaksten og skatteberekninga.

Eigarar med fleire eigedomar kan få fleire krav. Det vert sendt ut eitt krav per eigedom.

B OPPLYSNINGAR - AVTALAR

Opplysningar om eigedomen, gards- og bruksnummer, talet på brukseiningar, type eigedom og eventuelle fritak.

C OPPLYSNINGAR - VERDIBEREKNING

Pris: Sjå sjablongverdiar i «Rammer og retningslinjer...»

D KORREKSJONAR

Korreksjonsprotokoll vert brukt i staden for takst på bygg eller tomt, eller for å justere taksten etter faktisk bruk. Ein reduserer til dømes taksten for den del av eit bustadhus som har integrert garasje.

«Antal» er talet kvadratmeter som det blir korrigert for.

«Pris» er den verdien ein kjem fram til ut frå faktisk bruk, etasjefaktor m.v.

E OPPLYSNINGAR- EIGEDOMSSKATT

Sum sjablongtakst

Takst teken frå «Matrikelbidrag til takst» (C) og «korreksjonsbidrag til takst» (D) før omsyn er teke til den individuelle eigedomen.

Vurderingsfaktor Indre

Under takseringa er kvar eigedom synfart og det er vurdert om det er tilhøve på, eller rundt, eigedomen som påverkar taksten. Mellom anna alder og tilstand, standard og kvalitet på bygningar (jf. «Rammer og retningslinjer...»)

EKSEMPEL:

NB! ALLE TALLVERDIER
ER FIKTIVE.



DETALJERT GRUNNLAG TAKST OG SKATT

A

EIGARREPRESENTANT	
Vene Bremanger	
Bremangertoppen 1	
1234 Bremanger	

B

AvtaleNr	00001	Eigedom	99/99
Bueiningar	2		
Eigedomen si adresse	Bremangertoppen 1		
Eigedomstype	Landbruk - bolig		
Fritak	§ 5 h delvis		

C

OPPLYSNINGAR - VERDIBEREKNING					
Betegnelse	Identifikasjon	Avg.areal	Part	Pris	Beløp
Våningshus	987654321	206,8	1/1	11 000	2 274 800
Naust, båthus, sjøbu	123456789	58	1/1	2 000	116 000
Enebolig	112233445	151,2	1/1	11 000	1 663 200
Matrikelbidrag til takst:					4 054 000

D

KORREKSJONAR						
Gruppe	Undergruppe	Identifikasjon	Antall	Pris	Faktor	Beløp
Bygg	Garasje i underetasje	987654321.0	66	-4 600	1 1	-303 600
Etasje	Hovedetasje har funksjon som kjeller	112233445.0.U.1	60	-8 800	1 1	-528 000
Korreksjonsbidrag til takst:						-831 600

E

OPPLYSNINGAR - EIGEDOMSSKATT					
Sum sjablongtakst	Vurderingsfaktor Indre		Vurderingsfaktor Ytre		Takst
3 222 400	x	0,7	x	0,5	1 127 840
Skattetakstnemndas vedtak om takst:					1 127 000
Kommunestyrets vedtak:	1 127 000	x	100%	- 500 000	= 627 000
Vedteke eigedomsskatt	627 000	x	2‰	=	1 254

Vurderingsfaktor ytre

Eigedomar med konsesjonsplikt har fått redusert ytre faktor. Sjå «Rammer og retningslinjer» for nærare informasjon.

Del av felles utmark inngår i arealberekning av eigedomar. Eigar pliktar sjølv å levere dokumentasjon til Bremanger kommune, om eigardel i felles utmark, for å få rett til reduksjon i eigedomsskatt.

Takst

Eigedomsskattetaksten er den taksten som sakkunnig takstnemnd har fastsett for din eigedom, og som vil gjelde fram til neste alminnelege taksering, normalt om 10 år.

Kommunestyret sitt vedtak

Kvar bueining får reduksjon i form av botnfrådrag.

Vedteke eigedomsskatt

Taksten på eigedomen vert multiplisert med promillesatsen. Dette utgjør eigedomsskatt per år.

Eigedomsskatten for 2016 skal betalast i to terminar. Det er totalbeløpet som er oppgjeve i skjemaet. Både skattepromille og eventuelt botnfrådrag er vedteke av kommunestyret. Desse kan bli endra kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

Foto: Bremanger turistinformasjon

Foto: Bremanger turistinformasjon

KLAGE PÅ TAKSTEN

Klagefrist 13. mai 2016

Om du meiner at eigedomsskattetaksten er feil, har du høve til å klage på denne.

Frå 1. januar 2013 gjeld desse reglane for klage på taksten:

Lov om eigedomsskatt § 19: «Skattytaren kan klage på den utskrivne eigedomsskatten. Klaga må gjevast inn skriftleg til eigedomsskattekontoret innan seks veker frå det seinaste tidspunktet av den dagen det vart kunngjort at eigedomsskattelista var utlagd eller dagen skattesetelen vart sendt i samsvar med § 14. Klage over verdet kan bli fremja kvar år i samband med den årlege utskrivinga av eigedomsskatt, dersom det ikkje er klaga på same grunnlag tidlegare år».

KLAGEN SKAL VÆRE SKRIFTLEG.

Vi bed deg om å merke klagen tydeleg med gards- og bruksnummer, eventuelt også feste- og seksjonsnummer. I tillegg må du hugse å oppgje telefonnummer som du kan treffast på. Merk alle vedlegg tydeleg.

Påstandane i klagen må dokumenterast så godt som mogeleg. Om du klagar på faktafeil, skal det som utgangspunkt leggjast fram godkjende og målsette teikningar og takstrapport frå godkjend takstmann eller eigedomsmeklar.

Om du klagar på utøving av skjøn, som vurderingsfaktorane indre og ytre, bed vi deg om å grunngje så godt du kan kva du klagar på.

SAKSHANDSAMING

Alle klager som er framsette innan fristen, blir handsama på nytt av sakkunnig takstnemnd. Om klagen vert teken til følge, blir taksten endra. Dersom klagen ikkje vert teken til følge, går klagen automatisk vidare til den sakkunnige ankenemnda. Ankenemnda kan prøve alle sider av taksten, og kan også endre taksten til ulempe for klagar.

FAKTURA PÅ EIGEDOMSSKATT

Sjølv om du klagar på eigedomsskattetaksten, skal kommunale gebyr betalast innan forfall. Dette kjem mellom anna fram av Lov om eigedomsskatt § 25. Ved medhald i klagen, blir tilgodehavande beløp betalt attende, medan tilleggsbeløp vert innkravd ved neste faktura.

KONTAKTINFORMASJON:

Post:

Eigedomsskatt
Bremanger kommune
Postboks 104
6721 Svelgen

Telefon: Bremanger kommune - Servicekontoret 57 79 63 00
Opningstider i servicekontoret 08:00-15:30

E-post: eskatt@bremanger.kommune.no

VIKTIG

Merk alle e-postar og brev med:

Eigedomsskatt

Namn

Telefon – kor du kan treffast på dagtid

Gards- og bruksnummer, ev. festenr., seksjonsnr. og/eller vegadresse

Foto: Bremanger turistinformasjon

